



Månadsbrev mars 2016

Den store skulekinodagen var kjekk, sjølv om det blei ein annan film for barnetrinnet enn tenkt, og Marie Klåpbakken var svært nøgd med konsertpublikummet på Sinnes. Ho la til og med ut litt av opplevinga si på Instagram!

Sidan sist har dei fleste svara på den lokale trivselsundersøkinga, sjølv om dei eldste òg i år har lågast svarprosent. Mange trivst på skulen, og me kjem attende til resultatet på neste SMU-møte. Ungdomstrinnselevane har òg vore med på ei UngData-undersøking som m.a. alle kommunar i Lister er med på, og den handlar om m.a. levekår, fritidsaktivitetar og bruk av rusmiddel.

Mars startar friskt med **Abel-dag** (i tre timar), før småtrinnet har felles **skiaktivitetsdag med Tonstad skule** tysdag 8., og mellomtrinnet følgjer etter 9. mars med ski-/aktivitetsdag. Me må nytta snøen og finveret når me kan.

Det vert **foreldrekonferansar** for 5.-6. klasse og 10. klasse på kvinnedagen 8. mars, og eleven får med eit skjema heim på førehand slik at de kan førebu dykk til konferansen. **MOT-samlingane** held fram, denne gongen fredag 11., og då er 8.-klassingane på Sinnes og Tonstad saman denne økta.



15. mars får me igjen besøk av **Den kulturelle skulesekken**, nå med filmen *Amazonia* for 1.-7. klasse. Filmen handlar om "den lille kapusinerapen Sai, som etter en flystyrt i regnskogen blir nødt til å utforske Amazonas på egen hånd. Å gjøre seg kjent med regnskogen gjennom apens øyne og opplevelser, gir en sjelden mulighet til selv å oppdage skogens rikdom, og truslene den står overfor."

http://vaf.ksys.no/institusjon_3467/produksjon_16943

Same dag **hospiterer** elevane i 9. klasse på **vidaregåande skule**, og prøver seg i **arbeidslivet** dei neste to dagane, før alle avsluttar med **alpindag** i Ådneram 18. mars. Og så var det brått påskeferie!

HUGS at det vert **onsdagsskule** rett etter påske, dvs. 30. mars, og 1. april satsar me på **skiaktivitetsdag** arrangert av valfagsgruppa i fysisk aktivitet og helse!

GOD PÅSKE!



Sinnes 28.02.16, *Ase-Berit* (rektor)